



utvalde kunstnarar

Dato: 16.11.2015  
Vår ref.: 2014/1061-18  
Saksbehandlar: tonhaug  
Dykkar ref.:

## Invitasjon til idékonkurranse Voss gymnas - kontrakt

### 1. Innleiing

Hordaland Fylkeskommune inviterer til idékonkurranse om kunstprosjekt til nye Voss gymnas.

Området for idékonkurransen er Skuletorget og ledevegg/kantine i 1. etg.

Kunstnarane kan velge å levere forslag for begge, eller eitt av områda, og har høve til å tolka oppgåva som dei finn best.

Meir informasjon vert gitt under synfaring / oppstartsmøte på Voss desember 2015.

### 2. Deltakarar

Desse kunstnarane er inviterte:

Haugen/Zohar  
Silje Heggren  
Trine Hovden  
Britt Smelvær

### 3. Jury

Som jury fungerer kunstutvalet for nye Voss gymnas:

Petra Rahm, kunstfaglig prosjektleiar og leiar for juryen.  
Elin Reisæter, Hordaland Fylkeskommune (HFK), eigedomsseksjonen.  
Gunnar Hemre Ringheim, eigedomsseksjonen HFK.  
Tone Stedal Haugland, kultur- og idrettsavdelinga, HFK.  
Per Højgaard Nielsen, arkitektrepresentant, HLM arkitekter  
Rakel Marøy, lærarrepresentant/brukarrepresentant.  
Sara Rykke Mandelid, elevrepresentant/brukarrepresentant, Voss gymnas.

Unn Fauskanger, observatør, rektor Voss gymnas.

Petra Rahm fungerer som sekretær for juryen.

#### 4. Spørsmål til juryen

Spørsmål om forståing av prosjektet/konkurransen kan sendast skriftleg til juryen sin sekretær på

petra.rahm@gmail.com innan: 29. februar 2016

Spørsmåla vert lagt fram for alle medlemmane i juryen. Svara vert gitt fortløpande og sendt alle deltakarane på e-post. Det skal ikkje vere ytterlegare kontakt mellom konkurrerande kunstnarar og medlemmer av juryen.

#### 5. Føremål

Visjonen for Voss Gymnas er «*Læring og samhandling – ei utviklingsreise mot di framtid!*». Her møtast mange ulike utdanningsprogram - både studieførebuande fag og yrkesfag. Dei arkitektoniske løysningane gjev dei ulike gruppene optimale læringsomgjevnader for si spesialisering, samtidig som logistikken og plasseringa av fellesareala sørger for at gruppene vert blanda. I visjonen for nye Voss Gymnas har ein fokus på møte mellom menneske med ulike interesser og fokus, og den positive energi og dynamikk dette gir.

Bygget vil bestå av ein eldre del: gamle Voss Gymnas, ein flott, høyreist murbygning frå 1919, og ein ny del med eit moderne uttrykk. Dei to bygningsdelane møter kvarandre i Skuletorget, eit stort og ope rom som strekkjer seg over alle etasjane i bygget. Skuletorget skal binde det nye og det gamle saman, utan brå overgangar. Det er lagt vekt på at ein skal oppleve den nye og den gamle skulen som ein heilskap, med eit godt samspel mellom gamalt og nytt.

Visjonen for nye Voss Gymnas skal også speglast i kunsten, med distinkte og uventa kunstprosjekt av høg kvalitet og med ei tydeleg stemme. Kunsten skal stimulere til møter, samtalar og opplevelingar på tvers av generasjonar, bakgrunn og kultur.

I ei samtid kor biletet og visuelle uttrykk vert konsumert i høg fart, og det meste opplevast å passere fort forbi utan at ein får tak i det, ønskjer vi å fokusere på uttrykk som har ein ibuande materialitet – tyngde, struktur, handverk, og som står seg over tid. Voss gymnas, som læringsstad og som bygg, har eksistert i om lag hundre år, dei andre skulane som også vert ein del av den nye skulen, har også lang historie og det er ønskeleg at det nye bygget, og kunsten, også har et langt tidsperspektiv framover. Vi ønskjer kunst med eit samtidig uttrykk, med base i tradisjonelle teknikkar og handverk.

Området for idékonkurransen er Skuletorget og ledevegg/kantine i 1. etg.

Det sentralt plasserte skuletorget er eit ope rom som strekkjer seg over heile 4 etasjar. Dette er eit rom for møte og myldring, og her vil alle elevar og tilsette passere eller opphalde seg. Eit romleg arbeid, eller et arbeid som inviterer til direkte bruk vil kunne egne seg godt her.

I hovudinngangen i 1. etasje er det ein lang ledevegg, inn mot kantina. Her kan ein tenke seg eit større veggarbeid. Det er ein visuelt avklåra situasjon, med få forstyrrande element.

Kantina i første etasje vender seg mot uteområde og gangveg. Rommet er ope utad, med glasfasade. Eit veggarbeid på den lange bakveggen, som også fortsetter inn i læraravdelinga, vil kunne opplevast av elever og lærarar, og i tillegg utanfrå, av forbipasserande.

Kunstnarane kan velge å levere forslag for begge, eller eitt av områda, og har høve til å tolke oppgåva som dei finn det best. Det er eit mål å velja eit vinnarframlegg som så vert utvikla i eit forprosjekt med sikte på realisering. Juryen er ikkje plikt til å tilrå nokon av dei innleverte framlegga til forprosjekt eller realisering.

## **6. Konkurransekrev**

### **6.1**

Deltakarane står fritt med omsyn til kunstens idé, utforming og materiale innafor ramma som er gitt i pkt. 5.

### **6.2**

Deltakarhonorar for den enkelte kunstnar/kunstnargruppe er kr 25 000. Inntil 2/3 av honoraret kan betalast ut som forskot. Framlegga skal vere forsikra for ein tilsvarende sum fram til levering. Beløpet kan krevjast tilbake dersom framlegget ikkje vert levert, eller det ikkje vert godkjend, til dømes som følgje av vesentlege manglar i det leverte materialet (jf. pkt 8 og 10).

### **6.3**

Reiseutlegg i samband med synfaring på Voss desember 2015 vert dekka.

### **6.4.**

Den økonomiske ramma for realisering av kunstprosjektet er inntil kr 350 000 for Skuletorget og inntil kr 650 000 for ledevegg/kantine i 1. etg, inklusive kunstnarens honorar.

### **6.5**

Kontrakt med utførande kunstnar vil byggje på kontraktvilkår utarbeida for Kunst i offentlige rom - KORO. Sjå vedlagt standardkontrakt.

## **7. Programmateriale**

Programmaterialet består av denne kontrakten og følgjande vedlegg:

- Teikningar for nye Voss gymnas, plan og snitt (vert ettersendt)
- Framdriftsplan for byggjeprosjektet (vert ettersendt)
- Kunstplan for nye Voss gymnas
- Døme på standardkontrakt

## **8. Materiale som skal leverast:**

- Utgreiing av idé og intensjon
- Skisser som visualiserar idéen på ein ukomplisert måte
- Omtale av økonomi og tekniske løysingar
- Materialprøve, om relevant og ønskjeleg

Ein ber ikkje om ferdig utarbeida forslag, men ei utgreiing av idé og intensjon, visuelle skisser, og eit økonomisk overslag og teknisk forklaring som synleggjer realismen i framlegget.

Framstillingsforma er fri, og kunstnarane kan i tillegg til dei opplista krava levere det materiale dei finn naudsynt for å tydeleggjere sin idé.

## **9. Miljøkrav**

Kunstnaren skal stadfesta at kjemikalier som vert planlagt brukt i verket er i tråd med krava i gjeldande forskrifter: (<http://www.lovdata.no/cgi-wift/ldeles?doc=sf/sf/sf-20040601-0922.html>). Om kunstprosjektet inneholder tre, skal kunstnaren stadfesta at dette kjem fra berekraftig skogbruk. Ei slik evt skriftleg stadfesting vil verte etterspurd når/om ein får oppdraget vidare.

## **10. Innlevering**

Materialet skal vera poststempla, eller vera HFK i hende, seinast 15. mars 2016. Levering må skje innan kl. 15.00.

Postadresse: Hordaland Fylkeskommune v/Mona Engum, Eigedomsavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen.

Levering: Hordaland Fylkeskommune v/Mona Engum, Eigedomsavdelinga, Agnes Mowinckelsgate 5 (Fylkeshuset).

E-post: eigedom-anbud@hfk.no

## **11. Framlegg som avvik frå programmet**

Framlegg som ikkje er komne inn i rett tid eller der det er gjort vesentlige brot på krava til innhald, kan verte utelukka frå juryering.

Ved einstemmig juryvedtak har juryen rett til å velja til vinnar framlegg som i enkelte delar avvik frå programmet.

## **12. Underkjenning / omkonkurranse**

Juryen er ikkje forplikta til å tilrå nokon av dei innleverte framlegga til realisering. Dersom juryen ynskjer ny konkurranse, skal dette leggjast fram for oppdragsgjevar.

## **13. Kunngjering og utstilling**

Juryen sitt arbeid skal vere avslutta innan 2 mnd etter at framlegga er leverte.

Juryen skal gje alle framlegga individuell vurdering. Juryens vurdering av framlegga vert sende til alle deltakarane

Alle godkjende framlegg vil kunne verte utstilte i normalt 8 dagar i lag med vurderinga frå juryen.

## **14. Forsikring av framlegga**

Oppdragsgjevar er økonomisk ansvarlig for skade og tap av framlegga med same sum som er sett som deltakarhonorar, medan framlegga er under oppdragsgjevar sitt ansvar.

## **15. Retur**

Levert materiale vert normalt ikkje returnert. Alt materiale unntake vinnarutkastet vert makulert. Om kunstnar ynskjer materialet i retur, kan dette returnerast for kunstnars kostnad. Evt. modell el. må leverast i eigna transportkasse. Opplysningar om mottakaradresse og liknande må fylgje framlegget.

## **16. Vidareføring av vinnarframlegg**

Oppdragsgjevar legg til grunn at evt. vinnar av konkurransen let seg engasjera til å realisere sitt prosjekt, på grunnlag av juryens skriftlige føresetnader, vurderingar og konklusjonar.

Nye Voss gymnas skal vere ferdig i februar 2017. Prosjektet må følgje framdrifta til byggeprosjektet.

Konkurranseprogrammet er skrive ut i to eksemplar, eitt til kvar av partane. Kunstnarens signatur stadfestar invitasjonsvilkåra.

Stad, dato

.....

.....

Oppdragsgjevar/ for HFK

Kunstnar

Fødselsnr

.....

Kontonr

.....

Skattekommune

.....

Trekkprosent

.....

Org.nummer

.....

Kopi: Kunstutvalet sine medlemmar

"[Klikk her for å skrive]"

Anna Elisa Tryti  
fylkesdirektør kultur og idrett

Tone Stedal Haugland  
Seniørrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

